

---

**Michael Hoffmann**

Sokneprest i Haram

6290 Haramsøy

979 87 961 (mobil)

70 21 79 18 (privat)

70 20 93 93 (kontor)

[michael@hoffmannfamilie.net](mailto:michael@hoffmannfamilie.net)

13. desember 2011

Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8004 Dep.  
0030 Oslo

### Dykkar ref. 10/61 : Høyring - Innføringsprogram for nye prester

I samband med arbeidet med masteravhandlinga mi "Prestebilete og prestekvardag i økumenisk samanheng" i den erfaringsbaserte mastergraden i praktisk teologi og ein mogleg fornya søknad om Olavstipendet i 2012 snubla eg over høyringa "Innføringsprogram for nye prester" og tillét meg med dette å svare på den sidan den rører både ved arbeidsfeltet mitt og erfaringane mine etter nesten 10 år som prest.

Eg sett pris på at departementet jobbar med noko som ein godt kunne kalle for "Vegen i prestetenesta" (VIP). I løpet av prestetenesta mi har eg fleire gongar vurdert å slutte som prest sjølv om eg heile tida også opplevde eit kall til å vere prest. Eg har difor kontinuerleg vurdert kva som får meg til å forsetje i prestetenesta og kva som får meg til vurdere om eg skal slutte i denne tenesta som eg opplever eit kall til. Eg har delt desse tankane med fleire prester og veit at eg ikkje er åleine om dei.

Kva er det kanskje vitigaste behovet for nye prester? Etter mitt syn er det **å bli sett**. Som prest skal ein heile tida sjå andre og då er det viktig å bli sett. Det er viktig å bli sett. Eit kort eller ennå betre ein telefon frå biskopen me ei **helsing i høve fødsels- eller ordinasjonsdagen** for eksempel kan bety veldig mykje. Det er eit uttrykk for at ein blir sett og er eit viktig uformelt kontaktpunkt som ikkje krevjar store ressursar, men som burde vere med på avkryssingslista,

Ein bør i eit innføringsprogram vere nøye med å skilje kva som er eit viktig **tilbod** for og kva som er eit **krav** for presten. Det er nettopp fleksibiliteten i tenesta som også er eit viktig gode for å bli i tenesta. Ein bør leggje til rette for i staden for å beordre til. Slik kan innføringsprogrammet bli eit gode og ikkje ei ekstrabelastning. For nokre småbarnsmødrer og -fedrar kan for eksempel kravet på det å måtte vere borte frå heimen i fleire dagar på eit bestemt tidspunkt vere starten på slutten i prestegjeringa. Nokre ting bør ein likevel få med seg uansett. Særleg det som blir skissert i 7 C Del 1 er viktig, sjølv om ein her bør merke seg at det er det enkelte bispedøme som har ansvar **reiserekingane** og ein del skjema for eksempel om kurs, permisjon etc. og at det difor heller bør vere **prosten** som får ansvar for dette.

Tilbodet om etterutdanning er nokon som utan tvil motiverar til å stå i prestetenesta. Det er difor positivt at det skal lagast ei variant av **"Prest og teolog i praksis"** for nye prester som kan gi 10 SP. Dette nye kurset bør ikkje erstatte det eksisterande kurset, men kome i tillegg til dette, slik at også eldre prester framleis har mogleiken til å kome inn i masterprogrammet. Kurset bør heller **ikkje** vere ei **plikt**, men heller eit **gode** for prestane, ikkje minst sidan nye prestar i dag ofte må vente 3 eller 4 år før dei står for tur for det første kurset i vidareutdanningsprogrammet. Også **studieturen** bør organiserast **som 10SP** eller to 5 SP modular i masterprogrammet (Sjå studietur Møre BD og MF 2010). For å ta vare også på dei eldre prestane bør ein ikkje utelukke dei frå turane, men heller prioritere yngre prester. Også måla kunne vere fleire: for eksempel det heilage landet, Tyrkia, kyrkjelydsvekst i England eller misjonsprosjektet i kyrkjelyden, der presten er. Uansett er det viktig at studiane gir rett til permisjon eller

---

studiedagar med vikar og at det enkelte bispedøme har råd til det slik at studiane kan opplevast som eit gode og ikkje som ei ekstra belastning.

Også i forhold til ABV eller anna vegleiing er det viktig at dei blir dekkja opp med vikar. Det er positiv med kontinuerlege ABV-grupper for nye prester, men ein bør ta høgde for at dette vil gi auka reiseutgifter for presten særleg i dei nordlege bispedøma men også i andre bispedøma med litt større avstandar og at også dette tilbodet bør følgjast opp med rett til vikar. Men også vikaren kan ha reiseutgifter og reiseutgiftene for vikaren og presten kan saman vere meir enn lønna for vikaren. Ikkje alle er like interesserte i å gå frå ei vegleiing til den neste dvs. frå vegleiing på praktikum og i stiftspraksis til vegleiing for nye prestar og vidare i ei kontinuerleg ABV-gruppe. Likevel bør nye prester utan søknad har **rett på** for eksempel **10 timar med individuell vegleiing etter fullført ABV-gruppe for nye prestar**. Denne vegleiinga burde dei kunne ta ut når dei møter punkt der dei kjenner behov for det og i den ramma som fungerer best for den enkelte prest. Slik at dei kan rekvirere ei vegleiingstime når dei verkeleg har eit case som er viktig for dei for eksempel etter eit vanskeleg dødsbod. Timetalet bør kunne utvidast etter søknad og eventuelt også kunne takast ut som retreat når presten ynskjer det.

Nye prester har for det meste mykje mindre rutine og difor også mindre tryggleik i nesten alt dei gjer og bruker difor ikkje berre litt, men ein god del **meir tid på nesten alle førebuingar**. Dette bør ein ta omsyn til og difor sjå etter kor ein kan **avlaste dei**. Det kunne for eksempel tenkjast å stille dei **fri frå beredskapsordninga i eit eller to år** eller å gi dei tilbod om å **samarbeide med ein kateket eller meir erfaren kollega i konfirmantundervisninga**. Særleg for prester utan eigen familie på tenestestaden er det å kunne feire i alle fall delar av høgtidene i lag med familiar og venner eit viktig behov, spesielt for dei som bur litt avsides.

*Uansett er det viktig at innføringsprogrammet blir følgt opp med nok midlar til fri med vikar og reiseutgifter slik at det kan opplevast som eit gode. Eit godt innføringsprogram som eit gode og ikkje som ei plikt vil etter mitt syn dei fleste stader vere ein meir effektiv bruk av pengar enn eit eingangstilskot til ei stilling ikkje minst sidan det ikkje berre motiverar ein gong men kontinuerleg og ein slepp å skatte for innføringsprogrammet.*

Eg vonar at tankane mine kan bidra til eit godt innføringsprogram for nye prester om den skulle opne nye spørsmål i staden for å svare på dei frå høyringa, så står eg gjerne til disposisjon for å finne svar på dei.

Med vennleg helsing



Michael Hoffmann